



Innkalling  
av  
Valstyret

**Møtedato:** 12.10.2022  
**Møtestad:** Heradsstyresalen  
**Møtetid:** kl.17:00 - 17:30

Møtestart etter formannskapet

Eventuelle forfall må meldast i Kaukus eller til Runar Ludvigsen per tlf. 56192100, sms til eller per epost til runar.ludvigsen@osteroy.kommune.no

***Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.***

**Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
011/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
012/22	Godkjenning av møtebok
013/22	Kommunestyre- og fylkestingvalet 2023 - røystekrinsinndeling og røystetider

5. oktober 2022

Lars Fjeldstad  
Ordfører

Runar Ludvigsen  
Sekretær

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
011/22	Valstyret	PS	12.10.2022

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	22/3170

## Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### Saksopplysningar:

Innkalling med sakliste er send ut.

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
012/22	Valstyret	PS	12.10.2022

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	22/3170

## Godkjenning av møtebok

### Vedlegg:

Protokoll - Valstyret - 07.09.2022

Møteprotokoll frå vert godkjend.

### Saksopplysningar:

Møteprotokoll er send ut til godkjenning.

# Møteprotokoll for Valstyret

**Møtedato:** 07.09.2022  
**Møtestad:** Heradsstyresalen  
**Møtetid:** kl. 15.30 - 15:45

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Hjalte Heimir Gislason	H	Nestleiar
Lars Fjeldstad	SP	Utvalseleiar
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem

<b>Forfall meldt frå medlem</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>
Tone Mjelde	SV	Medlem

<b>Frammøtte varamedlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Erstattar medlem</b>
Turid Bjørndal Njåstad	SP	Tone Mjelde

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte: Rådmannen, politisk-adm.sekretariat**

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
007/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
008/22	Godkjenning av møtebok
009/22	Uttreden av rolle som medlem av heradsstyret for perioden 2019-2023, for FRP, grunna flytting frå kommunen
010/22	Uttreden av rolle som medlem av heradsstyret for perioden 2019-2023, for MDG, grunna flytting frå kommunen

**007/22: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

**07.09.2022 VALSTYRET**

Det var ingen merknadar til innkalling og sakliste

**VS - 007/22 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

---

**008/22: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå vert godkjend.

**07.09.2022 VALSTYRET**

Det var ingen merknadar til møtebok

**VS - 008/22 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå 04.05.2022 vert godkjend.

---

**009/22: Uttreden av rolle som medlem av heradsstyret for perioden 2019-2023, for FRP, grunna flytting frå kommunen**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen gir ikkje framlegg til vedtak i valsaker

**07.09.2022 VALSTYRET**

Ordføraren gjorde slikt framlegg:

"For heradsstyret og etter varalista kjem Bjørn Cato Melchersen inn som fast medlem av heradsstyret for FRP i inneverande kommuneval periode.

Varalista til FRP for heradsstyret vert supplert med Tor Arne Monstad, nr. 18 etter valresultatet frå 2019, og kjem inn som ny 10. vara for FRP.

FRP sin varaliste vert sjåande slik ut:

1. Roar Tysse
2. John Tysse
3. Linn Hjelmås
4. Else Kari Birkeland Solberg
5. Roger Merkesvik
6. Gunnhild Mjøs Tyssebotn
7. Georg Åsheim
8. Kurt Rolland
9. Kurt Ove Øksnes
10. **Tor Arne Monstad"**

#### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

#### **VS - 009/22 VEDTAK:**

Bjørn Cato Melchersen kjem inn som fast medlem av heradsstyret for FRP i inneverande kommuneval periode.

Varalista til FRP for heradsstyret vert supplert med Tor Arne Monstad, nr. 18 etter valresultatet frå 2019, og kjem inn som ny 10. vara for FRP.

FRP sin varaliste vert sjåande slik ut:

1. Roar Tysse
2. John Tysse
3. Linn Hjelmås
4. Else Kari Birkeland Solberg
5. Roger Merkesvik
6. Gunnhild Mjøs Tyssebotn
7. Georg Åsheim
8. Kurt Rolland
9. Kurt Ove Øksnes
10. **Tor Arne Monstad**

---

**010/22: Uttreden av rolle som medlem av heradsstyret for perioden 2019-2023, for MDG, grunna flytting frå kommunen**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Rådmannen gir ikkje framlegg til vedtak i valsaker

## **29.08.2022 ARBEIDSUTVAL FOR INNSTILLING I VALSAKER (VALNEMND)**

Utvalsleiaren gjorde slikt framlegg: "Utvalet innstiller Ann Christin Reime Fosse som ny vara til klagenemd for eigedomskatt"

### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

### **VN - 015/22 VEDTAK:**

Utvalet innstiller på Ann Christin Reime Fosse som ny vara til klagenemd for eigedomskatt

## **07.09.2022 VALSTYRET**

Ordføraren gjorde slikt framlegg:

"Merete Birgitte Bortne kjem inn som fast medlem av heradsstyret for MDG i inneverande kommuneval periode.

Varalista til MDG for heradsstyret vert supplert med Ragnhild Hjelde, nr. 9 etter valresultatet frå 2019, og kjem inn som ny 4. vara for MDG.

MDG sin varaliste vert sjåande slik ut:

1. Silje Midtbø Vevle
2. Lillian Karin Bjørnseth
3. Johannes Gjerstad
4. Ragnhild Hjelde"

### **AVRØYSTING:**

Samrøystes vedteke

### **VS - 010/22 VEDTAK:**

Merete Birgitte Bortne kjem inn som fast medlem av heradsstyret for MDG i inneverande kommuneval periode.

Varalista til MDG for heradsstyret vert supplert med Ragnhild Hjelde, nr. 9 etter valresultatet frå 2019, og kjem inn som ny 4. vara for MDG.

MDG sin varaliste vert sjåande slik ut:

1. Silje Midtbø Vevle
  2. Lillian Karin Bjørnseth
  3. Johannes Gjerstad
  4. Ragnhild Hjelde
-



Til å skriva under møteprotokollen saman med ordførar vart desse valde: Hjalti H. Gislason og Rita Tveiten

Lonevåg, 07.09.2022

Runar Ludvigsen  
Sekretær

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
013/22	Valstyret	PS	12.10.2022

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	22/401

## Kommunestyre- og fylkestingvalet 2023 - røystekrinsinndeling og røystetider

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Valtinget 11.09.2023 vert, jf. Vallova §9-3 punkt 2, halde på desse stadene og med slike opningstider:

- Lonevåg krins ?
- Haus krins Skulebygget, gymnastikksalen
- Bruvik krins ?
- Hauge krins Skulebygget
- Fotlandsvåg krins Skulebygget
- Valestrand krins Skulebygget, gymnastikksalen

Alle krinsene med opningstider: Kl. 12:00– kl. 20:00

### Saksopplysningar:

#### Politisk sakshandsaming:

- Valstyret tek endeleg avgjerd
- Heradsstyret får saka til orientering

### Saksopplysningar:

I statsråd 22. april 2022 er valdagen for kommune- og fylkestingsvalet i 2023 fastsett til måndag 11. september 2023.

Heradsstyret kan gjera vedtak om to-dagars, søndag 10. september i tillegg til måndag 11. september, val på ein eller fleire stader i kommunen jf. Vallova §9-2 punkt 2.

Valstyret har mynde til å fastsetja, og kunngjere, tid og stad for røysting innanfor dei rammene lova set, jf. Vallova §9-3 punkt 2 og 3.

Heradsstyret kan og med tilslutning frå minst 1/3 av medlemmene vedteke lengre opningstider enn valstyret har vedteke. Slikt vedtak må gjerast seinast i samband med budsjettvedtaket for 2023. På valdagen måndag 11. september må røystinga avsluttast seinast kl. 21.00.

Det følgjer av HS 015/21 at valstyret har delegert mynde til val av medlemmer og varamedlemmer til røystestyra. For valet i 2023 er røystestyra allereie valt, då desse vart valt til stortingsvalet i 2021. Røystestyra er valt for 2 val, eller 4 år, om gongen og følgjer stortingsvalet sin syklus.

### Vurdering

Valstyret må gjera vedtak om opningstid i vallokala og 1 eller 2 dagars val, slik at heradsstyret før

budsjettvedtaket kan ta stode til om ein ynskjer utviding av opningstidene i vallokala. I Osterøy har det ikkje tidlegare vore tradisjon med søndagsval, og utvida periode for førehandsrøysting tilseier at behovet for søndagsopning er mindre no enn før.

Valstyret må og ta stode til om det er ynskeleg med endringar i røystekrinsinndelinga av omsyn til fristen 31. mars for melding til Kartverket.

Sist endring i røystekrinsane vart ved valet i 2017, då det vart innført elektronisk avkryssing i manntalet på valdagen. Her vert det reduksjon i tal røystekrinsar der følgjande krises ikkje vart oppretthaldne: Tysse, Mjøsdaalen, Bysheim, Hjellvik, Hamre, Seljerind og Votlo.

Når det gjeld tal røystekrinsar og eventuell endring her må ein vurdere fleire kriterier, til dømes størrelse pr krins, tilkomst til røystelokale (jf. Vallova §9-3 punkt 2), praktiske tilhøve (til dømes internett-tilgang som er svært nødvendig for gjennomføring av elektronisk avkryssing i manntal), mannskap (røystestyre ved kvar krins) og avstand til neste krins.

Røystekrinsane pr i dag er lokalisert godt og jamt utover kommunen og i dei store bygdene/senterane. Det har tidlegare vore vurdert å leggje ned røystekrisa Bruvik, då dette i folketal er ein ganske liten krins, men slik ein vurderer det, om ein finn eigna lokale, så vil administrasjonen rå til at røystekrisa Bruvik vert oppretthalde grunna geografi og avstand til næraste krins.

(Eventuelle endringar i røystekrinsinndelinga må til heradsstyret for endeleg vedtak.)

Når det gjeld opningstider, så kan ein sjølv sagt vurdere å endre denne begge veger, både med å avkorte og/eller forlenge opnings- og stengingstidspunkt. Ein må heller ikkje ha same opningstidspunkt for alle krinsane i kommunen. Til dømes kunne krinsa Hauge, som er relativt sentralt for alle bygdene, hatt opent frå kl. 09-21. Om ein skulle gjennomført noko slikt må ein sjå på moglegheit for ekstra mannskap (eit større røystestyre for denne krinsa), med tanke på at det vert ein svært lang dag for berre «eit skift». Å gjennomføre skift-ordning på ein dag som dette kan også verte noko vanskeleg av omsyn til logistikk og oversyn. Sjølv om dette er ukjent praksis i Osterøy kommune får ein dette fint til i større kommunar, til dømes i Bergen kommune kor alle 39 lokalar har opent frå kl. 09-21.

Opningstidene i røystelokalet vart utvida ved valet i 2017, då alle krinsane opna kl. 12.00, og det har ikkje kome tilbakemeldingar på at det er behov for ytterlegare utvidingar.

#### **Tilbakemeldingar etter valet 2021:**

Bruvik røystekrins har gitt tilbakemelding om at dei treng eit nytt lokale. Lokalet dei har nytta tidlegare, Bruvik helselag sitt fellesrom i aldersbustadene, er for lite og ikkje eigna for gjennomføringa av val. Det gamle skulebygget eller ungdomshuset (knausatun) kan kanskje vere betre alternativ.

Lonevåg røystekrins har gitt tilbakemelding om at dei helst skulle hatt eit nytt lokale då parkering og tilkomst til Lonevåg skule er litt krevjande for enkelte. Dei foreslår vestibulen i Osterøyhallen som eit betre alternativ.

Det har elles ikkje kome inn tilbakemeldingar om andre ønskjande endringar frå dei andre røystekrinsane.

#### **Konklusjon**

Saka vert lagt fram for valstyret for handsaming og avgjerd

